



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjell Hegna, 5557 2321
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato
15.06.2012
Dykkar dato
16.02.2012

Vår referanse
2012/2584 561
Dykkar referanse
08/5520

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Motsegn mot bygging av Hetleflåt kraftverk alternativ A i Etne kommune

Fylkesmannen prioriterer å sikre dei regionale og nasjonale verdiane knytt til dei større, samanhengande naturområda i Etne- og Saudafjella. Fylkesmannen fremjar difor motsegn mot bygginga av Hetleflåt kraftverk alternativ A. Alternativ B må utgreiast meir.

Vi viser til brev av 10. februar 2012 der NVE ber Fylkesmannen om å vurdere søknaden om konsesjon frå Hetleflåt Energi AS. Etter avtale med NVE er svarfristen vår utsett til 15. juni 2012.

Hetleflåt kraftverk er planlagt bygd i Markhuselva ved Åkrafjorden i Etne kommune. Det er presentert to alternative utbyggingsforslag. Hovudalternativet (K600) vil nytte fallet frå kote 600 til fjorden. Det andre alternativet (K425) vil få inntak på kote 425, med ei overføring frå kote 495. Prosjektdata for dei to alternativa er vist i tabellen under.

Prosjektdata	Alternativ A (K600)	Alternativ B (K425)
Installert effekt (MW)	1,75	1,43
Produksjon (GWh/år)	6,2	5,0
Brukstid (timer)	3560	3530
Utbyggingskostnad (mill. NOK)	17,4	19,3
Utbyggingspris (NOK/kWh)	2,80	3,10
Alminnelig lågvassføring (l/s)	9,8	11,5
Q ₉₅ sommar (l/s)	13+18	33
Q ₉₅ vinter (l/s)	4+6	12
Minstevassføring (= alm. lågvassføring)	9,8	11,5
Slukeemne maks./min. (l/s)	365/27	430/32
Inntak (moh)	602	425/495
Avløp (moh)	2	2
Vassveg i nedgrave røyr (m)	2250	1275
Regulering (HRV/LRV) (moh)	ikkje regulering	ikkje regulering
Overskotsmasse (m ³)	noko*	noko*
Vegbygging (m)	hjelpetrassé**	hjelpetrassé**
Nettilknytning, jordkabel (m)	150	150
INON –reduksjon (sone 1 og 2) (km ²) ***	7	?
INON –reduksjon (villmarksprega område) (km ²) ***	2	?

*skal plasserast i naturleg forseinking i landskapet

**frå eksisterande traktorveg til kote 380

***omtrentlege tal. Delvis justert for andre kraftverk som påverkar same område

Konfliktane ved bygging av Hetleflåt kraftverk

Det er INON-tapet som er den største konflikten ved bygginga av Hetleflåt kraftverk etter alternativ A. Dei negative konsekvensane for naturmiljøet er elles moderate. Rapporten om biologisk mangfald i konsesjonssøknaden har ikkje noko vurdering av konsekvensane av alternativ B. Dette gjer det vanskeleg på ein fullgod måte å vurdere alternativa A og B opp mot kvarandre. Det er naudsynt med meir informasjon om alternativ B før ein kan stilling til dette alternativet. Vurderingane nedanfor gjeld alternativ A.

Fylkesmannen meiner at rapporten om biologisk mangfald i konsesjonssøknaden gir tilstrekkeleg kunnskap om dette temaet, jf. naturmangfaldlova § 8. Tekniske inngrep som vegbygging og framføring av røyrgate er likevel dårleg visualisert i søknaden. Konsekvensar for landskapsbiletet utover INON-reduksjonen burde også ha vore omtalt.

Den største konflikten i samband med bygginga av Hetleflåt kraftverk er tapet av villmarksprega område, som er det mest verdfulle INON-området. Tal frå DN viser at energisektoren i perioden 2003 - 2008 sto for det største bortfallet av INON-område i landet med om lag 40 %, inkludert villmarksområde. DN reknar med at energiuutbygging også i åra framover vil vere den viktigaste årsak til tap av inngrepsfrie naturområde.

Det er eit nasjonalt mål å ta vare på urørt natur. Dette går fram av regjeringa sine nasjonale forventningar til kommunane ved planlegging etter plan- og bygningslova. Nasjonale føringar på planfeltet bør og gjelde for energisektoren, ikkje minst på bakgrunn av den negative utviklinga for desse naturkvalitetane.

OEDs *Retningslinjer for små vannkraftverk* (2007) skal nyttast ved handsaming av konsesjonssøknader for små kraftverk. Desse retningslinjene seier at ein ikkje bør gje løyve til å bygge kraftverk som fører til betydeleg reduksjon av INON-område av høg verdi. Det området som vil verte redusert ved ei utbygging av Hetleflåt kraftverk er både villmarksprega, og vurdert som sårbart høgfjellsområde av stor verdi i *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021*. Fylkesmannen meiner at NVE bør leggje dokumentasjonen i fylkesdelplanen til grunn for si handsaming av utbygginga av Hetleflåt kraftverk.

Viktig å vurdere samla belastning

Naturmangfaldlova § 10 set krav om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Søkjar har ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.

Hetleflåt kraftverk skal byggast på sørsida av Åkrafjorden. For området rundt Åkrafjorden er det i nær framtid venta fleire søknader om utbygging av kraftverk. Samstundes skal NVE slutthandsame fleire søknader om utbygging i området som allereie har vore på høyring. Fylkesmannen vil spesielt peike på dei omsøkte utbyggingane i Rullestad og Skromme. Våre motsegner til fleire av desse prosjekta er knytt til påverknaden på dei samanhengande naturområda i Etne- og Saudafjella og den regionale og nasjonale verdien desse har for friluftsliv og naturoppleving. Sikringa av dessa områda ved Åkrafjorden er prioritert av Fylkesmannen.

Det aktuelle prosjektet i Hetleflåt vil føre til reduksjon av det same inngrepsfrie naturområdet, inkludert villmarksområde. Fylkesmannen meiner difor at NVE må handsame alle desse sakene samla.

Konklusjon

Det er viktig at NVE vurderer prosjektet saman med andre planlagde utbyggingar i dette området. Bygginga og drifta av Hetleflåt kraftverk alternativ A vil bidra til å redusere omfanget av eit av dei største attverande inngrepsfrie naturområda i Hordaland, inkludert villmarksområde. Fylkesmannen prioriterer å sikre dei regionale og nasjonale verdiane knytt til desse større, samanhengande naturområda i Etne- og Saudafjella. På denne bakgrunnen fremjar Fylkesmannen i Hordaland motsegn mot bygginga av Hetleflåt kraftverk alternativ A.

Det er naudsynt med meir informasjon før vi kan gje ei vurdering av utbygginga av Hetleflåt alternativ B.

Med helsing

Terje Aasen e.f.
fylkesmiljøvernssjef

Kjell Kvingedal
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til

Hetleflåt Energi v/ Arne Hetleflåt	Markhus	5590	Etne
Etne kommune	Postboks 54	5591	Etne
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5772 Sluppen	7485	Trondheim
Miljøverndepartementet (MD)	Postboks 8013 Dep	0030	Oslo
Olje- og energidepartementet (OED)	Postboks 8148 Dep	0033	Oslo